

## Innkalling og referat – SU-møte ved Klepp ungdomsskule

**Dato og tid for møte:** 13.06.24, 18:30

**Rom:** Møterom Varden

### Møtte:

Representant			Vararepresentant	
Arian Eshaghi	Elev	X		
Filip Krzyska	Elev	X		
Chelsey Louise Kristensen	Elev	X		
Hanne Bloch Valebjørg	Forelder	X		
Linda Øvrebø	Forelder	X		
Pål Pollestad	Forelder	X		
Caroline Erevik	Andre tilsette	X		
Hanna R. Boiten	Lærer			
Line Melstveit	Lærer	X		
Jone Aasland	Politikar	X	Martin Nese Johnsen	
Sigurd Ravndal	Rektor	X		

**Fråvære:** Hanna R. Boiten avtalt fråvær.

23/24-4	<i>Godkjenning av referat sist møte</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Me hadde ikkje oppe referatet pga det var lenge siden. Rektor orienterte kort om situasjonen at leiar hadde trukke seg, og at rektor ville ta leiinga i dette møtet, viss det var ok.</li><li>- Rektor informerte om at dette var eit møte i Skulenmiljøutval (SMU), der elevane og foreldrene skal vera i fleirtal ift dei tilsette på skulen og politikaren.</li></ul>	
<b>Kva blei bestemt:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det blei godkjent at rektor leia møtet. Line tok ansvar for å referere.</li></ul>	
<b>Kven tek ansvar:</b>	

23/24-5	<i>Informasjon om arbeidet rundt trygt og godt skulemiljø</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b>	

- Rektor viste heimesida og aktuelle sider ift arbeidet om trygt og godt. Skulen har eiga side om trygt og godt, der også skulen sin plan for trygt og godt ligg. Såg på innhald og lenkane der: <https://www.minskole.no/kleppu/Underside/5876>
- Rektor informerte og snakka gjennom skulen sin behandling av §9a-sak frå oppdaging til lukking av ei sak.
- Møtet hadde ein samtale rundt dette og oppfølgings spørsmål.
- Snakka om samanheng mellom svar på elevundersøkinga og tal på aktivitetsplanar, og om kva me såg i den anonyme elevundersøkinga versus ikkje anonyme undersøking i Klassetrivsel.
- God diskusjon rundt dette med kolreis ta ut elevar som svarer på Klassetrivsel – der skulen vil sjekka ut ut frå svara dei har gitt, f.eks at dei ikkje har det greitt.

**Kva blei bestemt:**

- Fortelja i forkant til elevane om korleis me vil handtera varslingar gjennom Klassetrivsel eller anna, f. eks gjennom teamsmelding til eleven. Uansett at elevane skal vera trygge på at det blir gjort diskret.
- Vera meir opne om korleis me jobbar med miljøet og korleis me går fram i eventuelle saker som kjem fram.

**Kven tek ansvar:**

Rektor og skulen

23/24-6 | *Gjennomgang av Plan for godt og trygt skulemiljø.*

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Rektor hadde bedt om at alle såg gjennom planen på førehand.
- God gjennomgang der me stoppa opp ved nokre av punkta i kapittel 2 og 3.
- Forslag til planen:
  - o Spesifikt si kven som har ansvar for å gje beskjed om sårbare elevar til vikarar. Formalisering av det – laga eit rammeverk
  - o Skal foreldre få beskjed om potensielt utrygge situasjonar ift vikarar?
  - o Kva viss rektor mobbar? Varsle avdelingsleiar, evt. lærer som fekk beskjed, går vidare til skulesjef
- Elevenes innspel om forbetring:
  - o Samtaler saman med vaksen og elev i grupperom med glassvindaug er ei utfordring, pga veldig eksponert. Frostingfilm?
  - o Aktivitetar i friminuttet – elevane seier det er ok.

**Kva blei bestemt:**

- Rektor tek med seg innspela frå tilbakemeldingane og innspela som kom.
- Me vil sjekka opp om Trivselsleder-programmet kan vera noko for oss – dei kjem til Klepp for å ha kurs for barneskulane i Klepp. Er i Klepphallen 16.09.24

**Kven tek ansvar:**

Rektor

**Neste møte**

**Hausten 2024**

<b>Oppsummering</b>	<b><i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i></b>
Plan for trygt og godt vil alltid vera aktuell å ta opp, særleg ved neste møte i SMU.	